

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20

5914 ISDALSTØ

Sakshandsamar: Hanne Marie Utvær
Telefon: 91102779
Seksjon: Forvaltningsseksjonen i region
Vest
Vår referanse: 15/9910
Dykkar referanse: 14/6423
Vår dato: 02.09.2016
Dykkar dato:

Att: Christian Hagerup Reinshol

MERKNAD TIL OFFENTLEG ETTERSYN AV REGULERINGSPLAN FOR NESFOSSEN - LINDÅS KOMMUNE HORDALAND

Vi viser til motteke brev dagsett 07.07.2016 om ovannemnde sak, samt vår uttale til varsel om oppstart av plan, dagsett 08.10.2015, og takkar samstundes for at vi fekk utsett frist til 2.september 2016.

Fiskeridirektoratet region Vest føreset at kommune og tiltakshavar ser til at inntaksleidning og utsleppsleidning ikkje kjem i konflikt med rekefeltet som er i Lurefjorden.

Vi tykkjer det er positivt at det vert lagt til eit tillegg til bestemmelsen § 2.5.1: *Det vert ikkje tillate med rein massedumping til sjø, utover naudsynt fylling til kai, og at reguleringsføresegnene, 2.2.3, tek inn omsynet til det nasjonalt viktige gytefeltet i Lurefjorden.*

Det er naudsynt for oss å få vite kvar utleppsleidningane skal gå for å kunne vurdere om dei kjem i konflikt med fiskeriinteressene og då spesielt rekefeltet i Lurefjorden. Men sidan dette ikkje er med i planomtala og vår uttale til varsel om oppstart ikkje er kommentert i planomtala, må vi be om at kommune og tiltakshavar tek omsyn til dette feltet ved handsaming av planen etter offentleg ettersyn.

Fiskeridirektoratet region Vest føreset av våre merknadar vert tekne omsyn til.
For spørsmål knytt til vår uttale kan de ta kontakt med sakshandsamar.

Leni Marie Lisæter
seksjonssjef

Hanne Marie Utvær
rådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan underskrift

Mottakarliste:

Lindås kommune

Kvernhusmyrane 20 5914

ISDALSTØ